

Olje- og energidepartementet
v/ ekspedisjonssjef Andreas H. Eriksen og underdirektør Anja Skiple Ibrekk
Postboks 8148 Dep
0033 Dep

Bergen, 01.10.2019

Innspel til forslag om «utpekt område» nr. 50, nr. 51 og «nesten området» nr. 57.7 i «Nasjonal ramme for vindkraft på land»

Olje- og energidepartementet sendte 1. april 2019 forslaget frå NVE om ei «Nasjonal ramme for vindkraft på land» ut på høyring. Høyringsfristen er satt til tysdag 1. oktober 2019.

Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største friluftsansisasjon med 31.212 medlemmer. Bergen Turlag skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern på områder med tilknytning til laget si verksemd. Bergen og Hordaland Turlag og lokallaga våre har friluftslivsinteresser i områda som berører Hordaland, og som no er føreslått som «utpekte områder» i samband med «Nasjonal ramme for vindkraft på land».


Vi støtter fråsegn frå FNF Hordaland til «Nasjonal ramme for vindkraft på land». For område 50 viser vi også til fråsegner får FNF Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag. For område 51 viser vi også til fråsegner frå FNF Rogaland og Haugesund Turistforening. Vi ber olje- og energidepartementet om å merke seg innspel frå Kvinnherad Turlag og Stord-Fitjar Turlag til område 51. Vi ber departementet også merke seg felles fråsegn frå Voss Utferdslag, Kvam Turlag, FNF Hordaland og Bergen og Hordaland Turlag gjeldande område 57.7 «Fjellområdene mellom Voss og Hardangerfjorden».

Konklusjon:


1. Våre friluftslivsområder og områder, der Bergen og Hordaland Turlag og lokallaga våre har si verksemd, vert berørt av forslaget om «utpekt område» nr. 50 «Nordhordland og Gulen» og forslaget om «utpekt område» nr. 51 «Sunnhordland og Haugalandet». Vi ber departementet om at heile område nr. 50 «Nordhordland og Gulen» og område 51 «Sunnhordland og Haugalandet» vert tatt ut av arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land».
2. NVE skriv på s. 4 i rapport nr. 12-2019 at «Ifølge oppdragsbrevet skal arbeidet gjennomføres innenfor eksisterende budsjettammer, og baseres på relevant og tilgjengelig datamateriale. NVEs forslag til nasjonal ramme er derfor i all hovedsak basert på eksisterende kunnskap» (vår understreking). Vi meiner at det ligg eit stort potensiale i å nytte allereie relevant og tilgjengeleg datamateriale. Det eksisterer også eit stor potensial for å nytte eksisterande kunnskapsgrunnlag, som til dømes er utarbeidd i samband med friluftslivet etter rettleiar M98/2013, regional kartlegging av friluftsliv og

regional kartlegging og verdsetting av landskap. Vi meiner at eksisterande kunnskap må nyttast i overordna planlegging.

3. Olje- og energidepartementet spør i høyringsbrevet «*om det bør fastsettes en nasjonal ramme for vindkraft i Norge*». Vi meiner at arealkategorien «utpekt område» i kartdelen til «Nasjonal ramme for vindkraft på land» ikkje bør fastsetjast. Det faglege grunnlaget for utpeikinga vert ikkje korrekt når det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til kunnskap om kulturmiljø, kulturminner, friluftsliv, naturbasert reiseliv, landskap og «sammenhengende naturområder med urørt preg». I høyringsbrevet går det fram at «*NVEs forslag er rettet inn mot fremtidige utbygginger av vindkraft*». Vi meiner at med dette føremålet som utgangspunkt, så burde det ha blitt utført ei tilstrekkeleg analyse av «samla last» på overordna nivå. Det er nettopp på eit overordna nivå at ein ved moderne ressursplanlegging skal kunne forvente at det vert gjennomført ei heilskapleg tilnærming i arealforvaltinga. Vi meiner at analyseeksklusjonar og eksklusjonar må nyttast som geografiske retningslinjer og inngå som del av kunnskapsgrunnlaget. Samstundes må føre-var-prinsippet leggjast til grunn inntil etterlyste kartleggingsbehov er på plass.
4. I NOU 2013:10 «Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester» og NOU 2015:15 «Sett pris på miljøet. Rapport fra grønn skattekommisjon» kjem det tilrådingar om utvikling av eit system for verdsetting av økosystemtenester og natur. Grønn skattekommisjon føreslo ei naturavgift på alle naturinngrep som reduserer verdien av økosystemtenester og naturmangfald. Forslaget om ei naturavgift er så langt ikkje fulgt opp. Vi ber departementet og berørte departement om å vurdere nærare metodar for verdsetting av urørt natur.
5. Vi meiner at departementet må oppretthalde pausen i handsaminga av nye vindkraftprosjekt inntil kunnskapsgrunnlaget er på plass.



Figur 1 Område 50 «Nordhordland og Gulen» gjeld kommunane Lindås (frå 1.1.2020 ein del av Alver kommune saman med Radøy og Meland kommune), Masfjorden, Høyanger og Gulen. Alle kommunane høyrer til i nye Vestland fylke.



Figur 2 Område 51 berører Fitjar, Stord, Kvinnherad, Tysnes, Sveio og Etne i Hordaland (1.1.2020, Vestland fylke). I sør berører område 51 Vindafjord, Tysvær, Suldal og Bokn i Rogaland fylke.

Innhald

Område 50 «Nordhordland og Gulen»	5
Fjellområda vest for E39 i Romarheimsdalen	5
Bilete frå fjellområda vest for E39 i Romarheimsdalen og fjellområda nord for Romarheimsdalen	11
Område 50. Fjellområda kring Stordalen.....	18
Område 50. Nasjonale verdiar: Yndesdalsvassdraget, naturmangfald, landskap og friluftslivsverdiar	21
Miljødirektoratet si utarbeiding av analyseeksklusjonar i «Runde 3»	23
Oppsummerande tabell med relevans for «ope areal» i Nordhordland	28
Område 51. «Sunnhordland og Haugalandet». Innspel frå Kvinnherad Turlag.	29
Område 51. «Sunnhordland og Haugalandet». Innspel frå Stord-Fitjar Turlag.	29
Område 51. «Sunnhordland og Haugalandet». Tysnes.....	29
«Nesten område» 57.7 «Fjellområdene mellom Voss og Hardangerfjorden». Innspel frå Voss Utferdslag, Kvam Turlag, Bergen og Hordaland Turlag og Forum for Natur og Friluftsliv	32
Strategisk konsekvensutgreiing	33
Ei øksystembasert tilnærming til innfasing av fornybar energi og heilskapleg forvaltning av arealressursar	38

Område 50 «Nordhordland og Gulen»

Vi meiner at forslaget i rapport nr. 12-2019 ikkje har tatt tilstrekkeleg omsyn til viktige verdiar for kulturmiljø, landskap, naturmangfald, naturbasert reiseliv, samanhengande naturområder med urørt preg og friluftsliv. Det er heller ikkje tatt omsyn til samanfall mellom desse verdiane. Vi er ueinige i NVE si vurdering i forslaget presentert i rapport nr. 12-2019, s. 164: «*Våre overordnede analyser tilsier imidlertid et lavere konfliktnivå i dette området enn i store deler av landet*». Vi vil i denne fråsegna leggje fram dokumentasjon for kvifor forslaget frå NVE ikkje har lagt tilstrekkeleg vekt på «nasjonale og vesentlige regionale interesser» i område 50 «Norhordland og Gulen» - desse interessene er relevant i samband med overordna arealvurderingar og vi forventar at departementet vil leggje desse til grunn. Me må kunne forvente at eksisterande kunnskap som eit minimum vert lagt til grunn i arealforvaltinga, og i eit arbeid med målsetjing om at «*Dette må så avstemmes mot andre viktige miljø- og samfunnshensyn*», jf. s. 193 i Meld. St. 25 (2015-2016) «Kraft til endring». I tillegg er det ikkje lagt vekt på at området allereie bidrar stort med fornybar kraft, og det er ikkje tatt omsyn til samla last av tyngre, energitekniske inngrep. Det er heller ikkje presentert noko strategi for korleis viktig intakt natur og resterande intakt natur i berørte områder skal takast vare på. Til dømes er det i den nordlege delen av område nr. 50 knytt nasjonale verdiar til Sognefjorden, og dette er ikkje tilstrekkeleg vurdert med omsyn til landskap, forvalting av intakt natur på overordna nivå, friluftsliv og reiselivsinteresser.

I dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» vert det i den nye utgåva, 14. mai 2019, lagt vekt på: «*Regjeringen har bestemt at FNs 17 bærekraftsmål, som Norge har sluttet seg til, skal være det politiske hovedsporet for å ta tak i vår tids største utfordringer, også i Norge. Det er derfor viktig at bærekraftmålene blir en del av grunnlaget for samfunns- og arealplanleggingen*».¹ Det vert i dette dokumentet vist til, s. 14, «Endringar i arealbruk er i dag den viktigaste påverknadsfaktoren for naturmangfaldet på land og for viktige kulturhistoriske verdiar. Mange inngrep som kvar for seg verkar små, kan i sum ha stor negativ verknad». Det må difor gjennomførast ei tilstrekkeleg vurdering av arealverdiane i område 50, og nasjonale, regionale og lokale styringsmål for arealverdiane må leggjast til grunn, sjå relevante forventningar til kommunane s. 19. I tillegg må det i tråd med dei «Nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging» (som også er staten sine eigne styringssignal) «tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknader blir tekne omsyn til». Tilrådinga i «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» samsvarar også med tilrådinga i FNs naturpanel sin rapport 6. mai 2019 og FNs klimapanel spesierapport om klima- og arealendringar 8. august 2019. Det er naturleg at dette vert fulgt opp i den strategiske utforminga av ei «ramme» for fornybar- og arealforvaltinga.²

Fjellområda vest for E39 i Romarheimsdalen

På s. 165 i rapport nr. 12-2019 vert det skrive: «*Ved en feiltakelse ble et ikke-ekskludert område på grensen mellom Masfjorden og Lindås ikke en del av det opprinnelige*

analyseområdet. Dette arealet burde vært analysert og vurdert som en del av arbeidet med å peke ut områder. Arealet er en del av Fjonfjella, og andre deler av disse fjellområdene er utpekt. Figur 77 viser hele Fjonfjella. Samtidig har det kommet mange innspill om Fjonfjella, og dersom det legges mer vekt på interesser knyttet til friluftsliv og sammenhengende naturområder i dette området, kan det vurderes å flytte områdegrensen nordover». Vi meiner at tilnærminga som er skildra på s. 165 i rapport nr. 12-2019 ikkje vert korrekt. Det er ikkje tilstrekkeleg tatt omsyn til «nasjonale og vesentlige regionale interesser» i denne siterte vurderinga, jf. retningslinjer T-2/16. Det er heller ikkje gjort ei heilskapleg vurdering av verdiane i dette området, td. at fjellområda her er delt i to av avgrensingslinja for område nr. 50. Sistnemnde argument er relevant i forvaltninga av viktige «sammenhengende naturområder med urørt preg». For i dette området er det samanfall mellom verdier for landskap, naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv og «sammenhengende naturområder med urørt preg».

I føreordet til boka «Fotturar i Masfjordfjella» skriv tidlegare ordførar i Masfjorden Helge Haukeland: «Men bak Ådneburen, mellom Masfjorden og Lindås finn ein eit stort og urørt fjellområde – det einaste villmarksområdet som er att i ytre delen av Hordaland. Dette er ikkje så kjent, men Fjonfjella er verna i kommuneplanane – og vi ser dette området med alle sine naturkvalitetar som eit verdfullt rekreasjonsområde for all framtid» (vår understreking).³ Fjellområdet har stor tyding for lokalsamfunnet, men her er det også nasjonale og regionale verdier.

Fjellområda her utgjer eit svært viktig samanhengande naturområde med urørt preg. Det er ikkje så mange områder i Hordaland – utanfor verneområder – der ein kan vise til samanhengande naturområde med urørt preg frå fjord-fjell-fjord.

I Miljødirektoratet si innstilling til supplerande vern inngår Masfjordfjella i forslag til kategorien «nasjonalpark».⁴ Vi ber departementet og berørte departement leggje vekt på dei naturfaglege vurderingane som ligg til grunn for innstillinga om eit supplerande vern for dette området. Føremålet er mellom anna å sikre at eit representativt utval av norsk natur er verna og at det er eit godt samband mellom verneområda.⁵ I «Natur for livet», ss. 126 – 127 i Meld. St. 14 (2015-2016), vart det vist til at regjeringa ønskjer: «Verne, etter naturmangfoldloven, naturtyper og økosystemer som i dag er mindre godt dekket av vern», og «Vurdere grensejusteringer og eventuelt utvidelser av eksisterende verneområder for å ivareta økologiske nettverk og øke robusthet mot klimaendringer».

Vi ber departementet merke seg dette for fjellområda vest for E39 med Fjonfjella, Blåfjellet, Høgefjellet, Kalvedalen og Tverrvassfjellet:


- Eikefetelvi (Lindås og Masfjorden kommune). Nasjonal verdi, jf. Avsnitt 3.12 i retningslinje T-2/16 og omsyn som kommunar og fylkeskommunar skal leggje til grunn i forvaltninga «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023», 14. mai 2019. I vernegrunnlaget for Eikefetelvi heiter det: «Urørthet. Kystnært vassdrag der elver og vann er typiske for området og stedvis dominerende i landskapet, Kort

avstand fra fjell til fjord sett i forhold til høydeforskjellen. Stor vannføring i elvene og lavt næringsinnhold. Elveløpsformer med tilhørende aktive prosesser og biologisk mangfold inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Viktig for friluftslivet (vår understreking).

- Regional kartlegging og verdsetting av friluftsliv: Området «Kalvedalshytta-Stussdalen» som inkluderer delar av Blåfjellet har blitt verdisatt som «Svært viktig» (A-område). I regional kartlegging er «Meisdalen» verdisatt som «Viktig». Dette friluftslivsområde grensar opp mot det føreslåtte planområdet «Blåfjellet», området sør for Kalvedalen grensar mot det kartlagte friluftslivsområdet «Austlendingen-Husafjellet-Hemningsfjellet» («Viktig», B-område). Konsentrasjonen av regionale friluftslivsområder med stor verdi er med på å framheva kvalitetane i Fjonfjella.⁶
- Det er sakleg relevant for departementet å vektleggja heilskapen og samanstilling av kartleggingsdata om friluftsliv i fjellområda vest for E39 i Romarheimsdalen.
- Lokal kartlegging og verdsetting av friluftsliv for Masfjordfjella etter M98/2013: Torshaugen/ Austrefjell (Stort turområde uten tilrettelegging, «Svært viktig», A-verdi), Ådneburen (Særlig kvalitetsområde, «Svært viktig», A-verdi), Ilestegsfjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, «Svært viktig», A-verdi), Klefjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, «Svært viktig», A-verdi), Blåfjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, «Viktig», B-verdi), Borgafjellet (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi), Kjekallevågen (Leke- og rekreasjonsområde, «Viktig», B-verdi), Vindskifjellet (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi), Mjangersfjellet (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi), Kvamsfjellet (Nærturterreng, «Svært viktig», A-verdi), Torsteinshytta/ Sandnesetret (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi),
- Lokal kartlegging og verdsetting av friluftsliv etter M98/2013 for den delen av Fjonfjella på Lindås kommune si side: Delar av området med Blåfjellet er kartlagt i den lokale kartlegginga til Lindås kommune som «Kalvedalshytta-Stussdalen». Området vert rekna som «Svært viktig» (A-område). I områdeskildringa vert det skrive: *«Kalvedalshytta er ei turisthytte (www.dnt.no). Det er ei T-merka løype som er hovedruten til hytta. Det er parkeringsplass og merka stier frå Sætravatnet, og det er fleire alternative rutar inn til Kalvedalshytta, og vidare mot blant anna Masfjorden. Det er eit stort turområde som er mykje brukt om sumaren. Stussdalen er særleg viktig då det er det einaste området med skikkeleg fjellterreng»*. Tilgrensande område er «Austlendingen» (verdisatt «Viktig», B-område) med skildring: *«Det flottaste utsiktpunktet i Lindås, her i frå ser man det meste. Det er ikkje lagt til rette. Området er fint for lengre turar om sumaren, og er ein del av Moldekleivmarsjen»*.
- I Fjonfjella er det også ei rekkje umerka stier («alders tids bruk» og tradisjon) og viktige kulturmiljø.
- Det går sti frå Stussdalen til Kalvedalshytta, og sti gjennom Nipefagerskaret til Kalvedalshytta.
- T-merka rute frå Nordkvingo til Kalvedalen, og gjennom Meisdalen til Kalvedalen.
- Større samanhengande naturområde med urørt preg: Heile det føreslåtte planområdet er dekkja av eit større inngrepsfritt naturområde frå fjord til fjell. Etter indikatoren for inngrepsfri natur har ikkje området lenger villmarksprega areal (meir enn 5 km frå


næraste tyngre tekniske inngrep). Området har svært stor regional verdi som «større sammenhengende naturområde med urørt preg», jf. Figur 6 og 9.

- Regionale landskapsverdiar: Fjonnfjella inngår i kartlegging og verdisetjinga av landskapsformer i Hordaland. Området som er kartlagt og verdisatt som «Austlendingen-Tverrvassfjellet». Området er verdisatt som landskap med «Stor verdi» i regional kartlegging og verdsetting.⁷
- Heilårsbruk i friluftslivssamanhang.
- Sjå brosjyre med informasjon om området «Områda rundt Kalvedalshytta – ei fjellperle mellom Masfjorden og Romarheim» (Bergen Turlag, 2013).
- Sjå temakart til regional plan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2011. I dette temakartet er fjellområdet vest for E39 i Romarheimsdalen definert som «Sårbart høgfjell» med «Stor verdi», jf. Figur 3.



Figur 3 Utsnitt frå tematisk kart for «Sårbart høgfjell». Mesteparten av fjellområdet vest for E39 har status som «Sårbart høgfjell» med «Stor verdi». Kjelde: Utsnitt frå kart tilhøyrande fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009 – 2021.

- Analyseområde nr. 18 og grenselinja for område 50 «Nordhordland og Gulen» deler fjellområda vest for E39 i to. Det er særst relevant at ein i arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land» vurderer «grenseoverskridande» arealressursar og -verdiar i ein samanheng.
- Vi ber departementet merke seg dei regionale verdiane som er knytt til fjordlandskapet her (sjå tematisk kart «Fjordlandskap – verdi» tilhøyrande «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021», jf. Figur 4.



Figur 4 Kartlegging og verdisetting av Fjordlandskap. Utsnitt frå fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021 i Hordaland.

- Fjellområdet er aktuelt som del av supplerande vern.
- Topografien gjer at ein har ei rekkje med fjellplatå som er brutt opp av dalføre, og som gjer at utplassering av større vindkraftverk opp på fjellplatåa i dette området vil gjere dei særst synlege på lange avstandar, jf. Figurane 5, 7 og 8.

- I Romarheimsdalen er det korte avstandar mellom fjelltoppane, som vil ha store visuelle verknader for tilgrensande fjellområder og som vil kunne bidra til ytterlegare fragmentering av intakt natur, jf. Figur 3.
- Landskapsbilete frå området, jf. bilete 1-7ka.



Figur 5 Det er korte avstandar mellom fjelltoppane kring Romarheimsdalen. Vindkraftanlegg i Masfjorden, Lindås og Modalen vil ha store landskapsmessige verknader grunna topografien i området (sjå bilete 1-3 og 5-7). Frå Gleinefjellet til Blåfjellet er det 6,3 km i luftlinje, frå Gleinefjell til Austebotsfjellet er det 4,5 km, og frå Blåfjellet til Eggjane er det vel 2,8 km.

Bilete frå fjellområda vest for E39 i Romarheimsdalen og fjellområda nord for Romarheimsdalen



Bilete 1 Utsyn frå Blåfjellet mot Austlendingen. Foto: Bergen og Hordaland Turlag




Bilete 2 Utsyn frå Tverrvassfjellet mot Ådneburen. Foto: Bergen og Hordaland Turlag




Bilete 3 Fjonfjella og Blåfjellet. Foto: Bergen og Hordaland Turlag



Bilete 4 Kalvedalen turisthytte og sikringshytte. Foto: Bergen og Hordaland Turlag.




Bilete 5 Utsyn frå Gleinefjellet sørover mot Romarheimsdalen. Vest for E39 gjennom Romarheimsdalen ser vi Blåfjellet og Høgefjellet med sola over seg, og aust for Romarheimsdalen ser vi Austebots- og Godbotsfjellet. Foto: Nicolas Rodriguez, Bergen og Hordaland Turlag




Bilete 6 Utsyn frå Gleinefjellet mot Fjonfjella og Masfjorden. Foto: Bergen og Hordaland Turlag




***Bilete 7** Vinter og friluftsliv i Fjonfjella. Foto: Helene Ødven, Bergen og Hordaland Turlag.*




Figur 6 I overordna analyse av område 50 «Nordhordland og Gulen» er det ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til «sammenhengende naturområder med urørt preg».



Figur 7 Høgdemeterfordeling (frekvens) i landskapet (basert på geodata frå Statens kartverk), jf. figur 6 under.



Figur 8 Høgdemeterfordeling i landskapet med, Masfjordnes, Fjonfjella, Blåfjellet, Tverrvassfjellet, Høgefjellet og Austlendingen (basert på terrengdata frå Statens kartverk).




Figur 9 Vi viser til presisering frå Bergen og Hordaland Turlag og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland sendt til NVE 11.03.2019. Vi ber departementet om å forvalte området heilskapleg med omsyn til nasjonal og regionale verdiar. Området er ikkje eigna for framtidig vindkraftutbygging.

Område 50. Fjellområda kring Stordalen

Stordalen er eit viktig område for naturbasert reiseliv, td. Stordalen fjellstove. I området kring Stordalen er også eit hytteområde (om lag 400 hytter), skitrekk og skiutfartsområder. Området har stor tyding for rekreasjons- og friluftslivsinteresser. Til området høyrer også ei historisk tyding sidan dette var kjerneområdet for Bjørn West (på Matre er det eit eige museum som fortel historia til Bjørn West). Stordalen er kjent som porten til Stølsheimen. Austover frå Stordalen går det t-merka ruter mot Fjellvasbu og vidare mot Vardadalsbu i Modalen.

- Sørvest for Stordalen er det fleire kartlagte friluftslivsområder som står i samband med einannan (Masfjorden, kartlegging etter rettleiar M98/2013): Mosedalen (Stort turområde uten tilrettelegging, «Svært viktig», A-verdi). Brydalsfjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, «Viktig», B-verdi). Rustefjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, «Viktig», B-verdi).
- Tilsvarande søraust for Stordalen er det fleire kartlagte friluftslivsområder som står i samband med kvarandre (Masfjorden, kartlegging etter rettleiar M98/2013): Fjellvassbu (Stort turområde uten tilrettelegging, «Svært viktig», A-verdi), Sødalseggene (Stort turområde uten tilrettelegging, «Viktig», B-verdi), Gråsida ((Stort turområde uten tilrettelegging, «Viktig», B-verdi).
- T-merka rute frå Stordalen via Fjellvassbu mot Vardadalsbu fører til det regionalt kartlagte friluftslivsområdet (DN-handbok 25-2004) «Stølsheimen-Otterstadsstølen-Slottet» (Stort turområde uten tilrettelegging, «Viktig», B-verdi). Vi ber departementet vektleggje heilskap og samanheng i friluftslivsverdiane i dette området. Vi ber også departementet leggje vekt på korleis stier og turisthytter er bunde saman i dette viktige friluftslivsområdet, jf. Figur 10 og 11.
- T-merka rute frå Stordalen går vestover mot Kringla. Denne ruta går gjennom «ope areal» i område 50.
- Fleire nærområdeturar er tilgjengeleg for rekreasjon og friluftsliv, jf. bilete 7.
- Rett i kant av avgrensninglinja for område nr. 50 går traseen for «Bjørn West-marsjen». Ruta følgjer frå Litlematrestølen til Stordalen (sjå bilete frå Klavefjellet, jf. bilete 8).
- Innanfor «ope areal» i område nr. 50 går det også flott skilta sti og tur frå Nystølen i Sogn og sørover til Stordalen. Stien her vert også nytta som ein kortversjon av «Bjørn West-marsjen».
- Det er fleire turmoglegheiter i dette området, td. rundtur over Stordalsvarden og Ulvedalseggene, rundtur kring Blydalsfjellet, Nystølen til Geitenakken,



Figur 10 Oversynskart over t-merka sommerstier og stier i området kring Stordalen.




Figur 11 T-merka rute Kringla – Stordalen (vestover), og austover t-merka rute Stordalen-Fjellvassbu-Vardadalsbu turisthytte.



Bilete 8 Bilete tatt i fjella vest for Stordalsvatnet i det som er «ope areal» i område nr. 50. Området inngår i det kartlagte og verdisette friluftslivsområdet «Mosedalen» (verdsatt som «Svært viktig», A-verdi). Bilete er tatt i sørvestleg retning mot Gleinefjell og Gråsida i Masfjorden. 12. mai 2019. Foto: Nicolas Rodriguez, Bergen og Hordaland Turlag.



Bilete 9 Klavefjellet. Fjella i bakgrunnen ligg nordvest for Stordalen og i «ope areal» i område 50. Foto: Torill Refsdal Aase, Bergen og Hordaland Turlag.



Figur 12 Utsnitt frå område 50 «Nordhordland og Gulen». Vi ber departementet om å ta omsyn til intakt natur, landskapsverdiar, friluftsliv og naturmangfald.

Område 50. Nasjonale verdiar: Yndesdalsvassdraget, naturmangfald, landskap og friluftslivsverdiar

Yndesdalsvassdraget (067.6Z) vart verna i samband med Verneplan III (1986), sjå Figur 13 for avgrensinga av nedbørfeltet. Nedbørfeltet for vassdraget er delt mellom Gulen og Masfjorden kommune. I vernegrunnlaget går det fram «*Beliggenhet i Vestlandets ytre kystsone, med oseaensk klima. Vassdragets elver, vann og myrer er sentrale deler av et variert landskap som i hovedsak ligger i lavlandet. Dalene har en avrundet utforming og dalretningene er sterkt preget av berggrunnstrukturen. Elveløpsformer med tilhørende biologisk mangfold inngår som viktige deler av naturmangfoldet*».


I St. prp. nr. 89 (1984-85) vart det uttalt av Fylkesmannen i Hordaland v/ Miljøvernavingdelinga: «*Miljøvernavingdelingen mener at dersom en skal ta vare på denne kvaliteten er det viktig å holde hele vassdraget urørt. Det pekes videre på at det knytter seg friluftsinnteresser til*

Kløvtveit-Austgulen området, et fjellområde som blir nyttet til dagsturer av mange mennesker i kommunen både på Hordaland og Sogn og Fjordane sin side av fylkesgrensen. Miljøvernavdelingen mener ut fra dette at hele Yndesdalsvassdraget må sikres varig vernestatus dersom de verdier som er knyttet til vassdraget skal bli ivaretatt på en fullgod måte».⁸

Det er gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder med relevans for friluftslivsbruken kring Yndesdalsvassdraget (retteleiar M98/2013): Markhusdalen (Utfartsområde, «Svært viktig», A-verdi), Sleirsfjellet (Utfartsområde, «Svært viktig», A-verdi), Myrdalen (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi), Kjerstignova (Nærturterreng, «Viktig», B-verdi), Grønefjellet (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi), Vardefjellet/Klettane (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi), Sollifjellet (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi), Austefjellet (Nærturterreng, «Viktig», B-verdi), Hosteland/Hatten (Nærturterreng, «Viktig», B-verdi).

Arealindikatoren for inngrepsfri natur syner inngrepsfri natur: 1) frå Høgefjellet, Blåfjellet, Brattefjellet, Dauremålsdalen, Fltefjellet til Byrkjeldsgrønefjellet. 2) Botnen, Vardefjellet, Blåfjellet, Brekkenuten til og med Bleikebrekkfjellet og Furdalsvatnet. 3) Vardefjellet, og 4) området kring Dalsfjellet, Litlelihaugane, Eggene, Austrebotnen og Langevatnet.

Innanfor nedbørfeltet til Yndesdalsvassdraget er det registrert viktige naturtypar etter DN-handbok 13: Ostavatnet sør (Regnskog, verdi: «Viktig»), Lauvik (Gammel barskog, verdi: «Viktig»), Aust for Ostavatnet (Rik edellauvskog, verdi: «Lokalt viktig»), Kvamsdalsvatnet aust (Naturbeitemark, verdi: «Lokalt viktig»), Røyrbotn (Andre viktige forekomster, verdi: «Lokalt viktig»), Fagrevika (Naturbeitemark, verdi «Viktig»), Dyrkollebotn (Rik edellauvskog, verdi: «Viktig»), Verkland (Naturbeitemark, verdi: «Lokalt viktig»), Yndelsdalsvatnet nordside (Gammel fattig edellauvskog, verdi: «Lokalt viktig»).



Figur 13 Yndesdalsvassdraget (067.6Z) i Gulen og Masfjorden.


Miljødirektoratet si utarbeiding av analyseeksklusjonar i «Runde 3»

Vi viser til «Nasjonal ramme for vindkraft: Innspill fra Miljødirektoratet og Riksantikvaren til eksklusjonsrunde 3» M-1262 med tilrådingar til NVE, 1. februar 2019.⁹ Direktoratet har fått i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet om «primært å definere hvilke områder som det av hensyn til miljø, ikke er akseptabelt at inngår i den nasjonale rammen». Klima- og miljødepartementet har i oppdraget til Miljødirektoratet også skrive: *«miljøverdiene bør være av en slik størrelse at det er vanskelig å gjøre tilpasninger innenfor et prosjekt for å ta hensyn til verdien, eller som gjør at miljøverdien vil være særlig konfliktfylt å ta hensyn til på tidspunktet for konsesjonsbehandling».*

I arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land» har Miljødirektoratet i ei rekke temarapportar vist til at det føreligg kunnskapsmanglar og dermed kartleggingsbehov. I rapporten M-1262 viser Miljødirektoratet til at det føreligg *«en betydelig usikkerhet»* og at *det berre er der direktoratet har hatt sikker kunnskap at dei har kunne grunngje ein eksklusjon. I tillegg føreligg det manglar i nasjonale og regionale datasett».* Stortinget sin føresetnad er at «Nasjonal ramme for vindkraft på land» skal bidra til å *«dempe konflikter»* og skape *«forutsigbarhet»* for lokalsamfunn og utbyggere, jf. Innst. 401 S (2015-2016).

Vi støttar dei føreslåtte analyseeksklusjonane som Miljødirektoratet har råda til for analyseområda. Samstundes ser vi at det er råd å utvikle denne tilnærminga vidare, byggjer på eksisterande kunnskap og kunne ekskludere områder på grunnlag av miljø- og naturverdiar med «nasjonal og vesentlig regional interesse».

Vi meiner at analyseeksklusjonane, td. «Stølsheimen» (bilete 9-13) og eksklusjonar i dette området (bilete 14-15), kystlinja i Gulen og kystlinja i Sunnhordaland/ Haugalandet, må oppretthaldast i det vidare arbeidet som retningslinjer i eit kunnskapsgrunnlag om områder som ikkje eignar seg for framtidig vindkraftutbygging på land. Eit slikt kunnskapsgrunnlag kan utviklast som del av oppdaterte geografiske retningslinjer for vindkraft. Samstundes meiner vi at arbeidet med metoden for analyseeksklusjonar må vidareutviklast. Vi meiner at det er fagleg grunnlag for å ta ut heile område 50 «Nordhordland og Gulen», og heile område 51 «Sunnhordland og Haugalandet».




Figur 14 Miljødirektoratet sin eksklusjonsforslag i analyseområde nr. 18. Kjelde: Rapport M-1262.



Bilete 10 Landskap kring Skavlabu Turisthytte. Området er inntatt i eksklusjonsforslaget i runde 3 frå Miljødirektoratet og Riksantikvaren. Eksklusjonstilrådinga er støtta av NVE. Foto: Sigrid Kvåle Myksvoll, Bergen og Hordaland Turlag.



Bilete 11 Skavlabu turisthytte. Foto: Hild Fjermestad Aase, Bergen og Hordaland Turlag.




Bilete 12 Solnedgong ved Skavlabu og landskapet kring. Foto: Linda Fongard, Bergen og Hordaland Turlag.



Bilete 13 frå toppen av Eldhusfjellet, Modalen, i vestleg retning i det området Miljødirektoratet har tilrådd ekskludert frå analyseområde nr. 18 «Stølsheimen». NVE har støtta denne eksklusjonstilrådinga i rapport nr. 12-2019. Foto: Nicolas Rodriguez, Bergen og Hordaland Turlag.



Bilete 14 Morgonstemning ved Vardadalsbu turisthytte. Foto: Nicolas Rodriguez, Bergen og Hordaland Turlag.



Bilete 15 Haust ved Selhamar. Foto: Helen Uglenes, Bergen og Hordaland Turlag.



Bilete 16 Fisketur til Selhamarvatnet, Stølsheimen. Foto: André Marton Pedersen.

Oppsummerende tabell med relevans for «ope areal» i Nordhordland

Tema	Oppsummering
- Friluftsliv. Regional kartlegging og verdsetting (DN håndbok nr. 25)	Stussdalen-Kalvedalshytta (Utfartsområde, A), Austlendingen-Husafjellet-Hemningsfjellet (Store turområder uten tilrettelegging, A), Herøyosen (Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag, B), Meisdalen (Store turområder uten tilrettelegging, Bjørn Vest-området (Store turområder uten tilrettelegging, A),
- M98/2013 "Kartlegging og verdsetting av friluftsliv"	Lindås: Stussdalen-Kalvedalshytta (Store turområder med tilrettelegging, A), Austlendingen (Utfartsområde, B), Mulskollen og Hustadfjellet (Utfartsområde, B), Molviksdalen (Utfartsområde, B), Klefjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, A). Relevant for departementet å vektlegge sambandet mot Dyrkolbotn (Utfartsområde; A) og friluftslivsinteresser på austsida av E39, som ligg rett utanfor avgrensningsslinja område nr. 50. Masfjorden: Torshaugen/ Austrefjell (Stort turområde uten tilrettelegging, A), Ådneburen (Særlig kvalitetsområde, A), Ilestegsfjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, A), Klefjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, A), Blåfjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, B), Borgafjellet (Utfartsområde, B), Kjekallevågen (Leke- og rekreasjonsområde, B), Vindskifjellet (Utfartsområde, B), Mjangersfjellet (Utfartsområde, B), Kvamsfjellet (Nærturterreng, A), Torsteinshytta/ Sandnessetret (Utfartsområde, B). Mosedalen (Stort turområde uten tilrettelegging, A). Brydalsfjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, B). Rustefjellet (Stort turområde uten tilrettelegging, B). Markhusdalen (Utfartsområde, A), Sleirsfjellet (Utfartsområde, A), Myrdalen (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi), Kjerstignova (Nærturterreng, «Viktig», B-verdi), Grønefjellet (Utfartsområde, B), Vardefjellet/Klettane (Utfartsområde, B), Sollifjellet (Utfartsområde, B), Austefjellet (Nærturterreng, B), Hosteland/Hatten (Nærturterreng, B). Sambandet mot «Stølsheimen» må leggast til grunn i vurderinga av friluftslivsområda kring Stordalen, og turstier frå Stordalen mot Gulen og Høyanger. Tilsvarande må turstier mellom Gulen og Masfjorden kring Yndesdalsvassdraget vektleggjast.
Sammenhengende hytte- og turnettverk	Det må leggast vekt på samanhengande hytte- og turnettverk som er ein del av Stølsheimen og kringliggjande områder, og som står i nært samband med friluftslivsområda i Stølsheimen. Her er det svært viktige regionale verdier knytt til friluftsliv. Kringla-Stordalen. Stordalen-Fjellvasbu-Vardadalsbu. Kalvedalen-Dyrkolbotn-Stølsheimen har stor verdi for friluftslivet.
Landskap	Landskap med stor verdi i regional samanheng: Austlendingen-Tverrvassfjellet.
Sammenhengende naturområder med urørt preg	Fjonfjella har stor verdi. Inngrepsfri natur frå fjord-fjell-fjord dekkjer Fjonfjella, Blåfjellet, Høgevarden og Austlendingen (Masfjorden/ Lindås). Inngrepsfrie områder kring Stordalen. Inngrepsfrie områder i tilknytning til Yndesdalsvassdraget.
- Såbart høgfjell	Fjonfjella, "Stor verdi" i regional samanheng. Såbare fjellområder ved Gråsida og Gleinefjellet i Masfjorden med «Stor verdi» i regional samanheng.
- Samanfall med sammenhengende naturområder med urørt preg, og naturmangfald, landskap og friluftsliv	For fleire av naturområda med urørt preg er det samanfall med friluftslivsverdi, landskapsverdi og naturmangfald. Områda vest og nord for Stordalen mot Høyanger og Gulen må forvalta i ein heilskap. Nedbørfeltet til Yndesdalsvassdraget og områder med intakt natur. Sammenhengende naturområder med urørt preg knytt til Fjonfjella,

	Blåfjellet, Høgefjellet, Kalvedalen og Tverrvassfjellet (fjellområda som går mellom Lindås/ Masfjorden kommune).
Kulturminner og kulturmiljø	Kulturminneplan for Masfjorden og Kulturminneplan for Lindås må leggjast til grunn.
Naturmangfald	Eikefetelvi 064/1 (Verneplan for vassdrag), Bestandsmål region 1-kongeor (Bern-konvensjonen). Yndesdalsvassdraget 067/1 er delt mellom Gulen og Masfjorden. Sjå også Arnold Håland (2019). NNI – Rapport 539: «Fjellfugler i området Stordalennord, Masfjorden og Høyanger kommuner. Områdefunksjon og verdier». Arnold Håland (2019). NNI – Rapport 539: «Vindkrafttramme Nordhordland og Gulen. Områdets funksjon og verdi for 2 sårbare fuglearter – smålom og storlom»..
Sumverknader av energitekniske inngrep	Behov for gjennomføring av samla last av tyngre, energitekniske inngrep for område 50 «Nordhordland og Gulen».
Regional vassforvalting	Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Relevant i høve naturinngrep på land som kan påverka miljømåla som er satt for vassførekomstane.
Kystsone	Statlige planretningslinjer for arealforvaltningen i kystsonen må legges til grunn.
Iskast	Høgt isingspotensial i fjellområda og potensiell konflikt med utøving av vinterfriluftsliv og allemannsretten.

Område 51. «Sunnhordland og Haugalandet». Innspel frå Kvinnherad Turlag.

Vi viser til fråsegn, datert 30. september 2019, frå Kvinnherad Turlag til olje- og energidepartementet om «Nasjonal ramme for vindkraft på land».¹⁰

Bergen og Hordaland Turlag støttar dei analysevurderingane som er lagt til grunn i fråsegna frå Kvinnherad Turlag. Vi ber departementet om å setje seg godt inn i verdiane i Kvinnherad, og leggja fråsegna frå Kvinnherad Turlag til grunn i det vidare arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land».

Område 51. «Sunnhordland og Haugalandet». Innspel frå Stord-Fitjar Turlag.

Vi viser til fråsegn frå Stord-Fitjar Turlag, datert 1. oktober 2019, gjeldande «Nasjonal ramme for vindkraft på land».

Vi ber olje- og energidepartementet leggje merknadene frå Stord-Fitjar Turlag om Stordøya til grunn for det vidare arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land».

Område 51. «Sunnhordland og Haugalandet». Tysnes.


I regional kartlegging og verdsetting av landskap i Hordaland vert det skrive om Tysnes: «Noen få områder (Fitjar, Tysnes, Mæland og Radøy) er gitt stor verdi ut fra sin helhetlige og representative utforming».¹¹ Viktig landskap på Tysnes i regional kartlegging er Lokksundet, Smievolløsen og Vestrefjellet. Bjørnefjorden er også rekna som viktig i regional landskapskartlegging: «Også skipsleia nordover langs kysten av Hordaland har i stor grad karakter av brede fjordløp, hvor området ved Bjørnefjorden skiller seg ut som et særskilt storskala fjordbasseng. Områder som er gitt verdi som vanlig forekommende landskap i lokal

sammenheng, har preg av omfattende ny utbygging og tekniske anlegg som påvirker landskapskarakteren negativt i store deler av området. Områder som skiller seg ut med stor verdi har en særlig inntrykkssterk og helhetlig utforming med god balanse mellom topografi, arealbruk og variasjon av vegetasjon og landskapselementer».¹²

I regional kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder (DN handbok 25-2004) har Tysnessåta (Utfartsområde, «Svært viktig», A-verdi – området er også viktig med omsyn til at det er intakt område med fråver av tyngre, tekniske inngrep), Bårdsund (Strandsone med sjø og vassdrag, «Svært viktig», A-verdi), Vernøya (Strandsone med sjø og vassdrag, «Svært viktig», A-verdi), og Ånuglo (Strandsone med sjø og vassdrag, «Svært viktig», A-verdi) – disse områda sin verdi for innbyggjarane vert også stadfesta i kartlegging og verdsetting etter Miljødirektoratet sin rettleiar M98/2013.

Vi vil også peike på samanhengen av friluftslivsområder på Reksteren, td. kartleggingsdata etter M98/2013; «Gjøvågsfjellet og Dalstuva» (Utfartsområde, «Viktig», B-verdi – området er også viktig med omsyn til at det er intakt område med fråver av tyngre, tekniske inngrep) og «Eldholmsmarka» (Nærturterreng, «Viktig», B-verdi). Vestleg del av Tysnesøya har også viktige verdier for friluftslivet. I regional kartlegging (DN handbok 25-2004) er «Søreidsvika» (Strandsone med sjø og vassdrag, B-verdi) og Flatakervassdraget (Strandsone med sjø og vassdrag, B-verdi) registrert som «Viktige» områder for friluftslivet.

Vi tilrår at «ramma» må ta omsyn til regionale verdier for landskap og friluftsliv på Tysnes, og meiner at området har kvalitetar og verdier som gjer at det ikkje høyrer til i «utpekt område» nr. 51 «Sunnhordland og Haugalandet».



Figur 15 Tysnes. Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder etter rettleiar M98/2013.

«Nesten område» 57.7 «Fjellområdene mellom Voss og Hardangerfjorden». Innspel frå Voss Utferdslag, Kvam Turlag, Bergen og Hordaland Turlag og Forum for Natur og Friluftsliv

Vi viser til fråsegn frå Voss Utferdslag, Kvam Turlag, Bergen og Hordaland Turlag og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland gjeldande «nesten område» 57.7 «Fjellområdene mellom Voss og Hardangerfjorden», datert 18. september 2019.¹³

Vi viser til vurderingane vi har gjort i brev av 18. september 2019 til departementet, og meiner at området 57.7 «Fjellområdene mellom Voss og Hardangerfjorden» ikkje skal inn i «Nasjonal ramme for vindkraft på land».



***Bilete 17** Skumringstid ved Hardangerfjorden. Til venstre i biletet delar av busetnaden i Øystese, Fykkesundet og fjella som utgjer 57.7 «Fjellområdene mellom Voss og Hardangerfjorden». 24. september 2019. Foto: Bergen og Hordaland Turlag.*



Bilete 18 Frå område 57.7 «Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden». 18. mars 2019. Foto: Bergen og Hordaland Turlag/ FNF Hordaland.

Strategisk konsekvensutgreiing

Spørsmålet er om «Nasjonal ramme for vindkraft på land» fell inn under SEA-direktivet, artikkel 2 bokstav a, «- which are required by legislative, regulatory or administrative provisions», og om det oppfyller vilkåra i SEA-direktivet, artikkel 3, nr. 2, bokstav a.

I den norske utgåva av direktivet er «- which are required by legislative, regulatory or administrative provisions» omsatt som «— som kreves i henhold til lover og forskrifter,». ¹⁴

Den danske utgåva av direktivet omset dette som «— som krävs i lagar och andra författningar», og den danske utgåva «— som kræves ifølge love og administrative bestemmelser». I juridisk teori er det tatt til orde for at «Nasjonal ramme for vindkraft på land» ikkje følgjer som eit krav i lov eller forskrift (Fauchald, 2018).

SEA-direktivet vart innført i norsk rett i 2004. I stortingsproposisjonen vart det vist til Planlovutvalet si drøfting av SEA-direktivet i førearbeida til innføring av plandirektivet i norsk rett. Planlovutvalet vurderte det slik at planar som «Nasjonal transportplan», «Samlet plan

for vassdrag» og «Verneplanen for vassdrag» fell utanfor plandirektivets formelle krav - men at desse grunna at dei set rammer for enkeltprosjekt (prosjektspesifikke konsekvensar) og at dei kan få "vesentlige virkninger for miljø eller samfunn" likevel kan vere grunn til å vurdere om dei burde handsamast etter bestemmelsane om KU, jf. s. 5 i Ot. Prp. Nr. 47 (2003-2004) *«Planlovutvalget peker i sin innstilling på at de formelle kravene som stilles i direktivet til hva som kan regnes som en plan eller et program, virker lite tilpasset norske beslutningsprosesser. Utvalget mener derfor at det kan være grunn til å vurdere om også planer som ikke har slik streng formell forankring likevel bør omfattes av bestemmelsene om konsekvensutredning dersom planen setter rammer for enkeltprosjekter og kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn. Som eksempel på planer som faller utenfor direktivets formelle krav, men som, etter utvalgets vurdering, likevel bør vurderes i forhold til KU, nevnes nasjonal transportplan, samlet plan for vassdrag og verneplan for vassdrag. Dette er planprosesser som alle fremmes av regjeringen til behandling i Stortinget som melding»* (vår understreking).¹⁵

I KVVU-prosessar for traséval av kraftlinjer er det tenkt at konsekvensutgreiingskravet ikkje vil vere det same som for den konkrete etterfølgjande konsesjonsprosess etter energilova. I VistaAnalyse si kvalitetssikring av KVVU for Haugalandet vert det uttalt s. 9: «Vi er i utgangspunktet enige i denne anbefalingen gitt Statnetts prosjektavgrensning, men vil peke på at konklusjonen ville stått sterkere dersom miljøvurderingene hadde vært bedre begrunnet og dokumentert. Det er ikke forventet at miljøkonsekvenser skal vurderes detaljert i en KVVU. En kan imidlertid si at omfanget av miljøvurderingen ikke står i forhold til den betydningen det ser ut som miljøkonsekvensene kan ha i å skille konseptene». Eit overordna føremål med energilovgjevinga er å sikre at produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi føregår på ein «samfunnsmessig rasjonell måte», jf. energilova § 1-2, og det tilseier også at omsynet til fellesskapsverdiar som miljø, natur og friluftsliv må vektleggjast også på KVVU-nivået.

I rapport nr. 12-2019 vurderer NVE det slik at forslaget til «Nasjonal ramme for vindkraft på land» ikkje fell inn under forskrifta om konsekvensutgreiingar, grunn at forslaget er eit «faglig råd». ¹⁶ Argument frå NVE om at forslaget til «Nasjonal ramme for vindkraft på land» fell utanfor KU-forskrifta sitt verkeområde:

- Faglig råd
- Ikkje utbyggingsplan
- Ikkje prosjektspesifikk (ikkje utgreia noko om utbygging av vindkraftverk)
- "Rammen" er på overordna nivå, og det vil krevje omfattande konsekvensutgreiing for å ta stilling til om eit område er eigna for vindkraft.
- Mogleg å vurdere på overordna nivå om området er relativt eigna.
- Likevel gjennomført "rammen" i tråd med føremålet i KU-forskrifta om å sikre omsynet til miljø og samfunn
- Standard KU-metodikk er nytta i fleire tematiske områdeanalyser (V712, Statens vegvesen)

- Relativt store mengder areal er peika ut, fordi at den skal kunne skalerast for "vesentlig bidrag ny vindkraft kan muliggjøres på lang sikt"
- Forslaget skal ved oppdatering lett kunne aukast eller reduserast om det vert vektlagt andre omsyn til miljø og samfunn enn det NVE har gjort.
- Tolking av føringar frå OED: *"NVE tolker disse føringene fra OED som at hvert av områdene som pekes ut i vårt forslag bør ha plass til etablering av mer enn ett relativt stort vindkraftverk"*.
- Tolkning av funksjonen til utpeikte areal og områder utanfor: "Det følger av metodene som er anvendt at det vil være mange steder innenfor de utpekte områdene som er lite egnet for vindkraft. Samtidig kan steder utenfor områdene være egnet. Enkeltprosjekter må derfor vurderes konkret i en konsesjonsbehandling før det kan avgjøres om et sted er egnet for vindkraft".
- Tolking av funksjonen til kartet og utpeikte områder (prioritet): "Kartet kan likevel brukes som et styringsverktøy for hvilke områder som vil bli prioritert framover".
- Tolking av arealet utanfor utpeikt område («vanskeligere å få konsesjon», ikkje same prioritet utanfor eit utpeikt område): "Det vil være mulig å søke om konsesjon også utenfor de utvalgte områdene. Som det framgår av oppdragsbrevet fra OED, skal det imidlertid være vanskeligere å få konsesjon i et område som ikke er pekt ut i den nasjonale rammen. NVE legger ikke opp til å gi slike saker samme prioritet"
- Skal ikkje erstatte konsesjonsvurdering, men vanskeligare å få utanfor "utpeikt område": "Rammen skal ikke erstatte dagens konsesjonsbehandling, men det skal i utgangspunktet være vanskeligere å få konsesjon i et område som ikke er pekt ut i den nasjonale rammen".
- NVE meiner at visse typer saker skal handsamast uavhengig av kartet: "Dette gjelder blant annet små vindkraftverk nær eksisterende infrastruktur og reetableringer og utvidelser av eksisterende vindkraftverk".
- Ikkje-konsesjonspliktige vindkraftverk og utbygde vindkraftverk er ikkje inkludert.
- Forslag om at "rammen" bør oppdateres ved behov og "kartet over de utpekte områdene bør justeres noe", td. "ny kunnskap om for eksempel nettförhold, friluftslivsområder eller fugletrekk".
- Framleis konsesjonsprosess med KU-ar på prosjektnivå.

Hovudføremålet til «rammen» slik den er skildra i bestillingsbrevet frå OED til NVE:

- Definere større områder der det kan liggje til rette for utbygging av vindkraft på land.
- Leggje vekt på vindressursar, eksisterande og planlagt nettkapasitet. Dette skal vurderast mot andre viktige miljø- og samfunnshensyn.
- Bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane blir valgt når det vert søkt om konsesjon.
- "Rammen" skal ikkje vere prosjektspesifikk.

I brev 27.10.2017 frå OED til NVE vert det skrive: «Områdene som utpekes som del av en nasjonal ramme for vindkraft må etter departementets syn være tydelig definerte og samlet gi rom for en betydelig, men avgrenset, mengde ny produksjon». Dei utpeikte område er

difor gjeve ein særskild arealfunksjon, så sant det føreligg bransjeinteresse for å utvikle vindkraftprosjekt i eit «utpekt område».

Spørsmålet er difor om ramma likevel fell inn under SEA-direktivet? I sak C-567/10 for EU-domstolen er det gjennomført ei tolking av vilkåret "— som kreves i henhold til lover og forskrifter,".¹⁷

Spørsmålet er ikkje det same som i høve "Nasjonal ramme for vindkraft på land", men i saken vert det lagt til grunn ei utvida fortolking av artikkel 2 bokstav a). Der det føreligg ein lov eller forskrift som legg prosedyre for vedtak av ein plan eller eit program med arealverknader, som ikkje er obligatorisk i lov eller forskrift, så skal planen eller programmet likevel reknast for å falle inn under SEA-direktivet.

Ein parallell kan trekkjast til arbeidet med strategiske konsekvensutgreiingar utført i samband med havvind, offentleggjort i 2012. Havenergiloven vart vedtatt i 2010 og gjeld for havområda utanfor grunnlinja (energilova gjeld innanfor grunnlinja mot land), og etter havenergilova § 2-2 andre avsnitt går det fram: *«Før opning av område etter første ledd kan skje skal det utarbeidast konsekvensutgreiingar. Konsekvensutgreiingane skal inkludere vurderingar av miljømessige og samfunnsmessige konsekvensar av fornybar energiproduksjon, så som konsekvensar for andre næringsinteresser»*. Det eksisterer ikkje ein tilsvarande bestemmelse i energilova for landbasert vindkraft om konsekvensutgreiingar for områder. For havvind vart det gjennomført ei overordna strategisk konsekvensutgreiing. I samband med høyringa av opning av havområder for havvind uttalte olje- og energidepartementet i 2019 at «Prosjektspesifikke konsekvensutgreiingar og ein konsesjonsprosess med høyringar vil slik departementet ser det sikre at ulike omsyn vert sette og vurderte opp mot kvarandre før det eventuelt vert gjeve løyve til å bygge ut energianlegg i dei føreslegne områda».

Prosedyre for utarbeiding av «Nasjonal ramme for vindkraft på land» er ikkje konkret skildra i lov eller forskrift. Arbeidet med «rammen» baserer seg på eit forslag frå regjeringa i energimeldinga 2016 og på samtykke av eit fleirtal på Stortinget. I metodeskildringa frå NVE vert gjort klart at «Nasjonal ramme for vindkraft på land» ikkje vil vere juridisk bindande. I det strategiske konsekvensutgreiingsdirektivet er det ingen krav til at «planer og programmer» må vere juridisk bindande for å kome inn under bestemmelsane. I avsnitt 2.4, metodeskildringa, vert dei rettslege føringane for arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land omtalt».

NVE skriv om juridiske føringar: *«Etter NVEs vurdering vil utarbeidelsen av forslag til en nasjonal ramme for vind falle inn under Utredningsinstruksens virkeområde. NVE mener at utredningsinstruksens krav til innhold i NVEs forslag oppfylles gjennom metodene som er skissert i dette notatet. Utredningsinstruksens krav til prosess oppfylles gjennom NVEs involvering av berørte etater og interessenter. De øvrige kravene knyttet til prosess ivaretas hovedsakelig ved den offentlige høringen som OED skal forestå. NVE vil gjøre en grundigere vurdering av utredningsinstruksens krav i hovedleveransen»*.

NVE vurderer her at arbeidet fell utanfor KU-forskrifta sitt verkeområde. I rettleiaren for utgreiningsinstruksen går det fram s. 14 «*Videre fremgår det av instruksen at den ikke gjelder når det i lov eller forskrift, eller med hjemmel i lov eller forskrift, er fastsatt særskilte regler*». Det vert uttalt, s. 14 i nemnde rettleiar, «*Ved eventuell motstrid mellom særskilte regler og utredningsinstruksen gjelder vanlige rettsfortolkningsprinsipper. Det vil si at krav som er nedfelt i lov eller forskriftsform, skal gå foran kravene i utredningsinstruksen*».¹⁸

Fauchald (2018, FNI-rapport 1/2018) stiller likevel spørsmålteikn ved: "Det kan imidlertid stilles spørsmål om dette vil være en omgåelse av plikten til KU for planer. Det er relativt klart at dersom fylkene hadde utarbeidet regionale planer tilsvarende den nasjonale ramme som det nå legges opp til (se nedenfor), så ville disse planene vært omfattet av KU-plikt i henhold til plan-direktivet".

I metodeskildringa vert det skriv: «Et kart over de mest egnede områdene vil være et sterkt visuelt signal til både prosjektutviklere, myndigheter, interessenter og privatpersoner. For at den nasjonale rammen ikke skal oppfattes som en «fasit» for hvor det skal bygges vindkraft framover, må kartet presenteres og formidles på en god måte. Kommunikasjon, etterprøvbarehet og transparens i alle prosesser vil være helt sentralt for å skape et produkt som har legitimitet og kan anvendes i tråd med intensjonen i energimeldingen» (mi understreking).

I tilfelle "Nasjonal ramme for vindkraft på land" er det snakk om areal som skal peikast ut som prioritert for etterfølgjande konsesjonsprosess. Metodeskildringa, s. 9, skriv at utpeiking av områder vil i hovudsak vere eit «*lokaliseringssignal til utbyggere, kommuner og andre om hvor det bør være mest aktuelt med etablering av vindkraftverk*». Kartet med arealsoneringar får arealfunksjon i det ein tiltakshavar får interesse for å utvikle eit prosjekt. I områda utanfor skal det vere vanskelegare å få konsesjon, men framleis opning for å sende inn konsesjonssøknader. Prosjektstyring vil dermed få funksjon i lys av energilova og vil vere eit styringssignal til utbyggjar om kor dei geografisk, spesifikt og arealmessig vil kunne tenkje seg å etablere prosjekt kor det er gode produksjonsforhold og infrastruktur tilgjengeleg – og kor det i teorien skal eksistere mindre konflikt enn andre stader. I tillegg vil det leggje føringar ved at det skal vere «vanskeligere» å få konsesjon utanfor «utpekte områder» – men likevel opning for å søke om konsesjon. Vi meiner at dette vil vere eit brot på dei intensjonane som er lagt til grunn i SEA-direktivet, og vi meiner at denne form for areallokalisering vil krevje ei meir omfattande strategisk konsekvensutgreiing enn det som er gjennomført i forslaget til «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Denne form for prosjektstyring vil setje ramme for enkeltprosjekt og kan få "vesentlige konsekvenser for miljø og samfunn". Det er den reelle funksjonen til "ramma" som vil vere avgjerande for korleis ein skal vurdere «ramma» i høve «planer og programer», sjølv om det skal vere ein etterfølgjande konsesjonsprosess. Ved å setje ei prioritering av areal har ein lagt til grunn ein mekansime som er sterkt styrande av prosjekt til konkrete areal, og får konkrete prosjektspesifikke konsekvensar ved at det vil vere lettare å få konsesjon her, så sant etterfølgjande KU-ar i konsesjonsprosess finn det foreinleg. Det må i så fall argumenterast med at det vil vere mot føremålet til det strategiske konsekvensutgreiingsdirektivet å unnta denne type "rammer" frå KU-krava i SEA-direktivet,

og at dette ikkje har vore direktivet sin intensjon. Subsidiært; det strategiske konsekvensutgreiingsdirektivet er eit minimumsdirektiv, og dei einskilde landa kan sjølv fastsetje om ei "ramme" skal underleggjast ein strategisk konsekvensutgreiing, sjølv om dei formelle vilkåra ikkje er oppfylt. Av den grunn meiner vi at det ikkje vil vere klokt av regjeringa å fastsetje ei «Nasjonal ramme for vindkraft på land» med kartdel slik arbeidet har vorte gjennomført så langt. Vi føreslår istadenfor at metoden med analyseeksklusjonar vert utvikla vidare. Allereie utarbeidde analyseeksklusjonar og eksklusjonar må inngå som geografiske retningslinjer i kunnskapsgrunnlaget.

Ei øksystembasert tilnærming til innfasing av fornybar energi og heilskapleg forvaltning av arealressursar

Vi meiner ei meir heilskapleg tilnærming må leggjast til grunn, og at gjennomføring av strategiske konsekvensutgreiingar som tek innover seg tilgjengelege former for fornybar energi må gjennomførast. Ei slik startegisk tilnærming må også vurderast i lys av andre nasjonale prosessar som er varsla og kartleggingsbehova.¹⁹ Til dømes vil det vere naturleg å gjennomføre eit begrensa supplerande vern for å sikre representativitet og konnektivitet i verneområder. I tillegg er det varsla ein mogleg forvaltningsprosess kor ein skal utforme heilskapelege forvaltningsplanar for natur. Både desse varsla prosessane er ei oppfølging av stortingsmeldinga «Natur for livet». Vi meiner at desse nasjonale prosessane må vurderast i lys av ein meir heilskapleg tilnærming til fornybar energi og grønn omstilling. Vi manglar i dag ein heilskapleg strategi som kan sjå landskaps-, naturmangfald-, friluftslivs-, kulturminneverdiar og verdiar for naturbasert reiseliv i ein samanheng.

Vi vil vise til at Noreg har fleire moglegheter, og at ein må vurdere arsenalet av fornybarteknologiar i samanheng med påverknad på natur-, landskap og friluftslivsverdiar.

Energieffektivisering: Statistisk sentralbyrå har i sin rapport om effekten av energieffektivisering kommet frem til at fornybarandelen kunne økes til 73 % innen 2020, dersom verkemidla som blir føreslått i energieffektiviseringsdirektivet blir tatt i bruk.²⁰

Undersøkelser gjennomført av ENOVA i 2013 viser til et teoretisk sparepotensial på 65 TWh i 2020 i industri og bygninger. Det økonomiske potensialet er 12 TWh fra industri, 2,5 TWh gjenvinning av spillvarme, 3 TWh fra boligsiden og 9 TWh fra næringsbygg.²¹

Andre estimat utført i samarbeid mellom Sintef Byggforsk, Lavenergiprogrammet og representanter fra Byggenæringens Landsforening viser til at det var mulig å spare 12 TWh innen 2020 «der i underkant av 10 TWh er frigjort elektrisitet».²²

Riksrevisjonen har også gjennomgått de statlige mål og virkemidler for energieffektivitet i bygg.²³ Hovedfunnene til Riksrevisjonen i Dokument 3:4 (2015-2016) er at «1. De juridiske virkemidlene for energieffektivisering fungerer ikke for eksisterende bygg, 2. De økonomiske virkemidlene for energieffektivisering fører i liten grad til redusert energibruk i bygg, og 3. Det er fortsatt stort behov for informasjon om energieffektivisering, og mer samordning».

I energimeldingen 2016 presenterte Regjeringen ambisiøse mål for energieffektivisering: «Regjeringen foreslår et mål om forbedring i energiintensiteten frem mot 2030 som er like

sterk som det vi har sett de siste femten år, det vil si 30 prosent sammenlignet med 2015. Dette er en forbedring som er høyere enn den som følger av fremskrivningene presentert i Perspektivmeldingen 2013».²⁴ Målsettingen må blant annet sees i lys av vedtak 870, juni 2016, hvor: «Stortinget ber regjeringen fastsette et mål om 10 TWh redusert energibruk i eksisterende bygg sammenlignet med dagens nivå». I Granavold-erklæringen, 2019, går det fram at Regjeringen vil «Legge til rette for energieffektivisering i alle deler av norsk økonomi, og gjennomføre EUs energieffektiviseringsdirektiver med nødvendige tilpasninger», og «Realisere målet om 10 TWh energisparing i bygg innen 2030».²⁵

Lavenergiprogrammet er en del av Direktoratet for byggkvalitets arbeid med energi og miljø. I rapporten «Potensialstudie: Kostnadseffektive energiltak i eksisterende bygnigner» (Grini, Oksvold og Sæther, 2017) presenteres kostnadseffektive energiltak med størst energibesparelse.²⁶ For eksisterende yrkesbygg: 1. Installasjon av varmepumpe: 1,9 TWh, 2. LED-belysning og lys-styring: 1,8 TWh, 3. Forbedret varmegjenvinning av ventilasjonsluft: 1,7 TWh, og 4. Driftsoptimalisering, herunder energioppfølgingssystem og bruk av SD-anlegg: 1,1 TWh. For eksisterende boliger: 1. Installasjon av varmepumper: 3,3 TWh, 2. Etterisolering av yttervegg, når det likevel utføres nødvendig rehabilitering: 0,9 TWh, 3. LED-belysning (og lys-styring): 0,9 TWh, og 4. utbytte til vannbesparende utstyr/ armaturer: 0,9 TWh.

Solkraft: Det foreligger et stort potensial for innfasing av solkraft i det norske energisystemet. Multiconsult og AsplanViak har på oppdrag fra Solenergiklyngen utarbeidet rapporten «Solcellesystemer og sol i systemet» (2018).²⁷ I rapporten, s. 60, blir det estimert «Våre beregninger viser et samlet potensial i eksisterende bolig- og næringsbygg på ca. 26 TWh. Fra 2014 til 2020 er potensialet knyttet til nybygg ventet å øke med 1,5 TWh, og videre fra 2021-2030 ytterligere 4,5 TWh. Totalt estimert teoretisk potensial for årlig strømproduksjon i bolig- og næringsbygg i 2030 er dermed 32 TWh». NVE (2015) estimerer i energimeldinga 2016 at det innen 2030 kan komme 1,4 TWh (basert på historisk utvikling. Dersom man tar utgangspunkt i at alla tak og fasadeareal på nybygde og reahbilitert bygg dekkes med solceller, så estimerer NVE (2015) at det er mulig å nå 3,5 TWh. Statnett estimerer i langsiktig markedsanalyse 2018-2040 at det kan komme 2 – 3 TWh innen 2040 (konservativt anslag, og 3 TWh i et høyt scenario). Faktorer som kan være drivere for utviklingen vil avhenge av kostnader, insentiv, energipolitikk, TEK-krav (byggteknisk forskrift) og EU-direktiv.

Energi fra overflatevann: I NVE rapport 2011/9 «Energi fra overflatevann i Norge – kartlegging av økonomiske potensial» (Smebye et al.) fremlegges følgende estimat: «Det totale potensialet for overflatevann er beregnet til 15,6 TWh. Det er 29 % av landets antatte årlige energibehov til oppvarming og kjøling. Potensialet for energiuttak fra sjøvann er 13,2 TWh/år (85 %), mens energiuttaket fra innsjøer er beregnet til 2,9 TWh/år (15 %). Potensialet for bruk av overflatevann til oppvarming er 14,0 TWh/år (90 %) og til kjøling 1,6 TWh/år (10 %).».²⁸

Havvind: NVE har gjennomført en grovsiling av areal og en strategisk konsekvensutredning for havvind.²⁹ Rapporten «Havvind – forslag til utredningsområder» identifiserte 15 områder

for videre utredning. NVE gjennomførte en oppdatert vurdering i 2018 etter forespørsel fra olje- og energidepartementet. NVE uttalte i 2018 at de *«vurderer at kostnadene på havvind har sunket raskere enn det som ble lagt til grunn i den strategiske konsekvensutredningen»*. Tilrådinga frå 2012 står etter NVEs syn framleis ved lag, og dei peiker på at områdene Utsira nord og enten Sørlege Nordsjø I eller II kan opnast først.³⁰ Målsetjinga til Equinor er å senke kostnadene på flytende vindkraft til 39-58 øre per kWh innen 2030.

Tidevannsenergi: Utnyttbart potensial er estimert til å være om lag 2 TWh/år.³¹

Opprusting (og utvidelse og ombygging) av vannkraftverk av eksisterende vannkraftverk:

Opprusting blir benyttet om alle tiltak på vannkraftverk, som ikke medfører at det er behov for å nytte meir vatn eller nytt fall I Meld. St. 25 (2015-2016) tar regjeringen til orde for å realisere potensialet for O/U. I energimeldingen oppgis det, s. 160: *«NVE har tidligere gjort analyser som konkluderer med at samlet potensial kan være i størrelsesorden 1–2 TWh/år, inkludert det som er kartlagt konkret»*. Forskningsprosjektet HydroCen viser til at *«det er mulig å øke den årlige produksjonen med mellom 22 og 30 TWh gjennom opprustnings- og utvidelsesprosjekter»*.³² I energimeldingen blir det estimert at opprustning (som inneber auke i verknadsgrad i turbin og generator, og reduksjon av friksjonstapet i vassvegen), har eit realistisk potensial på 1-2 TWh, og eit teoretisk potensial på 5 TWh. NVE har estimert at dersom ein skiftar maskin- og elektrotekniske komponentar i alle kraftverk som ikkje allereie har gjennomført slike tiltak dei siste 20 åra, så er potensialet ei auke på 3,4 TWh. Det er eit større potensial for kombinert O/U-prosjekt, som vil kunne gje 22 – 30 TWh (kjelde: forskningsprosjektet HydroCen). Utvidingar vil potensielt kunne gje nye naturinngrep. I samband med komande miljørevisjonar av vasskraftanlegg, vil ein vurdere O/U-prosjekt som del av miljørevisjonsprosessane. Med klimaendringar forventer NVE at det vil verte endra tilsig – dette kan også på sikt utløyse prosjekt for ombygging av vasskraftanlegg og magasin for å nytte tilsiget betre. Oppgraderingspotensialet avheng av økonomiske føresetnader og insentiv.

Grunnvarme: I NVE rapport 2011/5 «Grunnvarme i Norge – kartlegging av økonomisk potensial» (Ramstad) fremlegges følgende estimat: *«Alt varme- og kjølebehov i Norge kan dekkes av grunnvarmebaserte varmepumpeløsninger. Fremskrevet varme- og kjølebehov for 2030 er henholdsvis 52,7 og ca 2 TWh/år. Siden varmen hentes fra lagret solvarme i lokal berggrunn, grunnvann og jord, vil varmløseleveranse fra grunnvarmebaserte varmepumpesystemer redusere behovet for kjøpt energi med ca 70 %. Kjøleleveranser er enda gunstigere og reduserer behovet for kjøpt energi med mellom 75-98 %. Sammenlignet med elektrisk fyring vil en betydelig satsing på økt bruk av grunnvarme frigjøre elektrisk effekt, også på dager med ellers høy effektbelastning i strømnettet»*. I denne rapporten bemerkes også følgende: *«Lite kunnskap, mangel på vannbårne varmedistribusjonssystemer, samt separate investerings- og driftsbudsjett sees på som de største barrierene for økt bruk av grunnvarme som langsiktig, driftssikker og helhetlig god varme- og kjøleløsning. De naturgitte forholdene for grunnvarme er minst like gode i Norge som i Sverige, hvor mer enn 300 000 boligeiere har installert grunnvarmeanlegg og over 30 000 gjør det hvert år. Sammenlignet med store deler av Europa kan norsk berggrunn betraktes som meget godt*

eller svært godt egnet for uttak av grunnvarme. En vellykket og langsiktig satsning på grunnvarme for produksjon av varme- og kjøling innebærer blant annet styrking av alle deler av fagmiljøet, tilrettelegging av informasjon tilpasset ulike brukerbehov, og generell kunnskapsøkning om grunnvarme som teknologi».

Dyp geotermisk energi: Geotermisk energi vert definert som: «*energi i form av varme, tilgjengelig under jordens overflate. Vi skiller mellom dyp geotermisk energi og grunnvarme*». ³³ Førebels eksisterer det ikkje noko systematisk kartlegging av dei geotermiske ressursane i Noreg. Potensialet vert vurdert som stor. NVE skriv: «*Grove estimerer antyder at utnyttbar energi ned til et dyp på 5 km utgjør et varmebidrag på 60 TWh per år for Norge*». ³⁴

Dersom departementet eller berørte departement har spørsmål til fråsegna, er det berre til å ta kontakt.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Kopi:

Bergen og Omland Friluftsråd

Friluftsrådet Vest

Hordaland fylkeskommune

Stølsheimen landskapsvernområde

Vernestyret, Folgefonna nasjonalpark

Fylkesmannen i Vestland

Landbruksdepartementet

Nærings- og fiskeridepartementet

Helse- og omsorgsdepartementet

Kulturdepartementet

Samferdselsdepartementet

Klima- og miljødepartementet

Folkehelseinstituttet

Miljødirektoratet

Riksantikvaren

Stortinget, Hordalandbenken

Stortinget, energi- og miljøkomiteen

Vedlegg:

Bergen Turlag (2013). «Områda rundt Kalvedalshytta – ei fjellperle mellom Masfjorden og Romarheim».

Referansar:

¹ Sjå «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Vedtatt ved kongelig resolusjon 14. mai 2019». Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf>

² Sjå IPBES Global Assessment Summary for Policymakers, 6 May 2019

(<https://www.ipbes.net/news/ipbes-global-assessment-summary-policymakers-pdf>), og IPCC

«Climate Change and Land: An IPCC Special Report on climate change, desertification, land degradation, sustainable land management, food security, and greenhouse gas fluxes in terrestrial ecosystems», 8 August 2019 (https://www.ipcc.ch/site/assets/uploads/2019/08/4.-SPM_Approved_Microsite_FINAL.pdf).

³ Sjå boka «Fotturar i Masfjordfjella» (2000) av Kenneth Ø. Monsen. Masfjorden kommune. Sitatet er henta frå føreordet av ordførar Helge Haukeland. ISBN 8299370426.

⁴ Sjå rapporten «Supplerende vern – fase 1. Miljødirektoratets oversendelse til Klima- og miljødepartementet. Mai 2019».

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/bilder/nyhetsdokumenter---old/nyheter-vedlegg/supplerende-vern---miljodirektoratets-oversendelse.pdf>

⁵ Sjå Jacobsen, R. M., Dillinger, B., Blumentrath, S. & Framstad, E. 2019. «Effekter av et supplerende vern på verneområdenes funksjon som økologiske nettverk og toleranse for klimaendringer». NINA Rapport 1666. Norsk institutt for naturforskning.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1359/m1359.pdf>

⁶ Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland.

Prosjektrapport 2008 (Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune).

https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-plantema/regionale-friluftsomrade-i-hordaland_prosjektrapport2008-web.pdf

⁷ Sjå rapporten av «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke: Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap» (2011).. <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/diverse-dokument/2011-07-verdivurdering-av-landskap-i-hordaland-fylke.pdf>

⁸ Sjå utdrag frå St. prp. nr. 89 (1984-85) og uttalar om Yndesdalsvassdraget i samband med Verneplan III for vassdrag: <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201600028/1637276>

⁹ Sjå rapport M-1262 (2019) frå Miljødirektoratet og Riksantikvaren:

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M1262/M1262.pdf>

¹⁰ Sjå fråsegn frå Kvinnherad Turlag, 30. september 2019, til olje- og energidepartementet: <http://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/oed/hoeringer/hoeringsdok/2019/horing--nves-forslag-til-en-nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/Download/?vedleggId=514c1e60-6485-461c-b67b-c5eee0537ce8>

¹¹ Sjå s. 19 i rapporten «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke: Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap». Aurland Naturverkstad. Clemetsen, Uttakleiv og Skjerdal (2011). <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/diverse-dokument/2011-07-verdivurdering-av-landskap-i-hordaland-fylke.pdf>

¹² Ibid. s. 27. Skildring av Brede fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunninger.

¹³ Sjå høyringsinnspel frå Voss Utferdslag, Kvam Turlag, Bergen og Hordaland Turlag og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland. https://www.regjeringen.no/contentassets/b78b4164ead148e0a97df58fe741a2c5/voss-utferdslag-bergen-og-hordaland-turlag-kvam-turlag-og-fnf-hordaland.pdf?uid=Voss_Utferdslag_Bergen_og_Hordaland_Turlag_Kvam_Turlag_og_FNF_Hordaland

¹⁴ Sjå norsk tekstutgåve av direktivet: <https://lovdata.no/static/NLX3/32001I0042.pdf>

¹⁵ Planlovutvalet: <https://www.regjeringen.no/contentassets/a8cb45e34aeb40cd8fae53343158a172/no/pdfs/nou200320030014000dddpdfs.pdf>

¹⁶ Sjå s. 3 i rapport nr. 12-2019 og avsnittet «Forskrift om konsekvensutredninger».

¹⁷ Sjå EU-domstolen: <http://curia.europa.eu/juris/document/document.jsf?text=&docid=120781&pageIndex=0&doclang=DA&mode=req&dir=&occ=first&part=1&cid=26855>

¹⁸ Sjå <http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201903419/2731285>, og Retteleiar til utgreiingsinstruksen 2016, kjelde: <https://dfo.no/filer/Fagomr%C3%A5der/Utdredninger/Veileder-til-utredningsinstruksen.pdf>

¹⁹ Sjå tabell 5, s. 91 i rapport nr. 12-2019.

²⁰ Se SSBs rapport «Konsekvenser av Energieffektiviseringsdirektivet i Norge», <https://www.ssb.no/energi-og-industri/artikler-og-publikasjoner/konsekvenser-av-energieffektiviseringsdirektivet-i-norge>

²¹ Se rapport 1) Enova og Norsk Industri «Potensial for energieffektivisering i norsk landbasert industri», https://www.enova.no/upload_images/EC1F6780830743F3950356367CBD45F9.pdf, 2) ENOVA «Potensial- og barrierestudie. Energieffektivisering i norske bygg». https://www.enova.no/download?objectPath=upload_images/88D859C5C13E4BE3A6192F4F642131D2.pdf&filename=Potensial-%20og%20barrierestudie.pdf 3) ENOVA «Potensial- og barrierestudie. Energieffektivisering av norske boliger».

²² Se rapporten «Energieffektivisering i bygninger – mye miljø for pengene!» (Tor Helge Dokka, Guro Hauge, Marit Thyholt, Michael Klinski og Anders Kirkhus). Prosjektrapport 40/2009. Sintef Byggforsk. <https://www.sintef.no/globalassets/upload/sb-prrapp-40.pdf>

²³ Rapport «Riksrevisjonens undersøkelse av myndighetenes arbeid med energieffektivitet i bygg», Dokument 3:4 (2015-2016), <https://www.riksrevisjonen.no/globalassets/rapporter/no-2015-2016/energieffektivitetbygg.pdf>

²⁴ Se s. 208 i energimeldingen 2016, St. meld. nr. 25 (2015-2016) «Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030».
<https://www.regjeringen.no/contentassets/31249efa2ca6425cab08130b35ebb997/no/pdfs/stm201520160025000dddpdfs.pdf>

²⁵ Se s. 91 i «Politisk plattform for en regjering utgått av Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti» (Granavold-erklæringen, 2019) i avsnittet «Fornybar energi».
<https://www.regjeringen.no/contentassets/7b0b7f0fc0f4d93bb6705838248749b/plattform.pdf>

²⁶ Se rapport for Lavenergiprogrammet av Gehør strategi og rådgivning AS.
<https://dibk.no/globalassets/02.-om-oss/rapporter-og-publikasjoner/potensialstudie--kostnadseffektive-energitiltak-i-eksisterende-bygninger-.pdf>

²⁷ Se rapporten «Solcellesystemer og sol i systemet», Multiconsult og AsplanViak (2018).
http://solenergiklyngen.no/app/uploads/sites/4/180313-rapport_solkraft-markedsutvikling-2017-endelig.pdf

²⁸ Se rapporten 9/2011 «Energi fra overflatevann i Norge – kartlegging av økonomisk potensial» av Helge Smebye, Kirsti Midttømme, Jørn Stene; NGL.
http://publikasjoner.nve.no/oppdragsrapportA/2011/oppdragsrapportA2011_09.pdf

²⁹ Se NVEs strategiske konsekvensutredning for havvind:
http://publikasjoner.nve.no/rapport/2012/rapport2012_47.pdf

³⁰ Se NVEs oppdaterte vurdering for havvind etter forespørsel fra Olje- og energidepartementet:
<https://www.nve.no/nytt-fra-nve/nyheter-energi/nve-anbefaler-omrader-for-energiproduksjon-til-havs/>

³¹ Se faktaark «Tidevannskraft», Statkraft.
<http://www.nyttspor.no/Bakgrunn/StatkraftTidevannskraft.pdf>

³² Se artikkelen «Oppgradering gir mye mer kraft enn antatt», tekst på trykk i Fagbladet Energiteknikk nr 2 2018.

³³ Sjå NVE sine heimesider:
<https://www.nve.no/energiforsyning-og-konsesjon/annen-fornybar-energi/geotermisk/>

³⁴ Ibid.